

Vedtekter for skulefritidsordninga i Austevoll

Skulefritidsordninga i Austevoll kommune vert driven etter vedtekter vedteke av Austevoll kommunestyre, lokale tilpassingar og dei krav som er fastsette i opplæringslova §13-7.

1. EIGARTILHØVE

Austevoll kommune eig og driv skulefritidsordningane ved grunnskulane i kommunen.

2. FØREMÅL

Skulefritidsordninga er eit omsorgs- og tilsynstilbod utanom den obligatoriske skuledagen for barn på 1.–4. trinn. Barn med særskilte behov på 5.–7. trinn kan få tilbod etter søknad.

Mål:

- Skulefritidsordninga skal leggja til rette for leik, kultur – og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna
- Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår
- Skulefritidsordninga skal leggja til rette for at tilbodet tek i vare barn med særskilte behov. Areal ute og inne skal vera eigna føremålet
- Innhald og aktivitetar skal vera pedagogisk grunngitte og sjåast i samanheng med skulen sitt pedagogiske virke. «Kvalitetsplan for SFO ved skulane i Austevoll» er forpliktande både for SFO-leiar, rektor og kommunen.

3. ANSVARLEG STYRINGSORGAN

Austevoll kommunestyre er kommunal godkjenningssmyndig for skulefritidsordninga. Skulefritidsordninga ligg administrativt under kvar skule, med rektor som øvste ansvarlege leiar.

4. STYRING OG LEIING

4.1 Rektor har det administrative, pedagogiske og økonomiske ansvaret for skulefritidsordninga på sin skule. Skulefritidsordninga skal vera ein naturleg del av skulen si drift.

4.2 Skulefritidsordninga skal ha dagleg leiar med relevant utdanning. Leiaren rapporterer til rektor.

4.3 Samarbeidsutvalet ved skulen er styre for skulefritidsordninga. Det skal vera personale frå SFO tilstade når saker frå skulefritidsordninga vert handsama.

5. AREAL

Lokala inne skal vera godkjent etter forskrift for Miljøretta helsevern i skular og barnehagar. Om mogeleg skal SFO ha eigne lokale og kunna bruka spesialrom etter avtale med skulen ved rektor.

6. TILSETTE I SKULEFRITIDSORDNINGA

Dagleg leiar skal ha minimum utdanning som fagarbeidar i barne- og ungdomsarbeid.

Den daglege leiaren er assistentane i skulefritidsordninga sin næraste overordna. Det er eit mål å tilsetja fagarbeidar/barne- og ungdomsarbeidar i stillingane i SFO.

Bemanninga i Austevoll er ein vaksen pr 15 barn.

7. SØKNADSRIST, OPPTAK, ENDRINGAR OG OPPSEIING

7.1 Søknadsfrist

Hovudopptak skjer på den einskilde skule med **søknadsfrist 30. april**. Ein kan òg søkja resten av året, og få plass om det er ledig kapasitet. Rektor informerer i god tid til alle nye føresette om tilbodet.

Rektor informerer om at søknader, endringar og oppseiingar skal gjerast på kommunen si heimeside.

7.2 Opptak

Alle barn i målgruppa (1.-4. trinn) skal få tilbod om plass i skulefritidsordninga ved den skulen dei går på. Rektor og ev. SFO-leiar gjer opptaket etter søknad. Barnet har plassen i SFO til og med 4. trinn eller til plassen vert sagt opp.

7.3 Oppseiing av plass

Føresette kan seia opp plassen skriftleg med 1 månads varsel gjeldande frå den 1. i påfølgjande månad. Oppseiing og endring av plass skal vera skriftleg og gjerast på kommunen sine heimesider. Det skal betalast for barnet i oppseiingstida. Ved oppseiing etter 1.mars er regelen at ein betalar for plassen ut juni månad.

Kommunen kan seia opp plassen til barn ved manglande betaling med 1 månads varsel.

8. OPNINGSTIDER

8.1

Skulefritidsordninga følgjer skuleåret, og opningstida er kl 07.15 – 16.15. Den einskilde SFO kan utvida opningstida med inntil 30 min i for- og etterkant.

8.2 Ferie og fridagar

Skulefritidsordninga har ope i skulen sin haustferie, vinterferie, frå skuleslutt i juni til 30. juni og frå 1. august til skulestart.

Opningstida i haust- og vinterferie er 8.00 – 16.00.

Foreldre søker på skjema som ligg på kommunen si heimeside. Frist for å søkja er seinast 14 dagar før feriestart.

8.3 Planleggingsdagar

Skulefritidsordninga skal setja av 5 dagar til planlegging og samarbeid for personalet. Desse planleggingsdagane vert lagt til skulen sine planleggingsdagar.

9. BETALINGSSATSAR

9.1 Satsar

Kommunestyret i Austevoll fastset betalingssatsane i kommunen.

Betalingssatsar er annonserte på kommunen si heimeside.

9.2 Reduserte prisar

Det er 25 % søskenmoderasjon for barn nr 2 i ein familie

Det er 50 % søskenmoderasjon for barn nr 3 i ein familie

9.3 Betaling

Foreldrebetalinga gjeld frå den dagen plassen er tildelt. Betalinga skjer på etterskott, ved forfall den 20. i kvar månad, og gjeld heile månaden sjølv om plassen ikkje vert nytta fullt ut.

Foreldra får rekning 10 mnd i året. September - juni

9.4 Feriar

Dersom barn ønskjer tilbod i SFO i skulen sine feriar, må det søkjast om innan tidsfristen 2 veker før feriestart. Betaling er gjeldande dagsats som er annonsert på heimesida til kommunen. Rekning vert sendt på etterskott.

9.5 Gebyr

Ved for sein henting vert det krevd eit gebyr pr påbegynt time.

10. BUDSJETT

Rektor utarbeider forslag til budsjett i samarbeid med den daglege leiaren. Samarbeidsutvalet behandlar budsjettet.

11. FORSIKRING

Ulykkesforsikringa som Austevoll kommune har for skulebarn, gjeld også for barn i skulefritidsordning. Kommunen har ikkje erstatningsplikt for barna sine eigendelar i skulefritidsordninga utover det som gjeld vanlege erstatningspliktige reglar.

12. TEIEPLIKT

Dei tilsette har teieplikt jmf. forvaltningslova §§ 13-13f.

13. OPPLYSNINGSPLIKT

Dei tilsette har i særskilte tilfelle opplysningsplikt til barnevernet og sosialtenesta jmf. opplæringslova §15-3 og §15-4.

14. POLITIATTEST

Dei som skal tilsetjast i skulefritidsordning må levera politiattest jmf. opplæringslova §10-9.

15. ENDRINGAR

Austevoll kommunestyre vedtek endringar i vedtektene.